

# Støttar veksttiltak i Stordal

**Mange verksemder i Stordal har spanande vekstplaner. No får fleire av dei økonomisk støtte frå prosjektet Vekst i Stordal for å kunne realisere planane. – Vi ønskjer å bidra til at dei raskast mogleg lukkast i satsingane sine, seier Harald Espeland, prosjektleiar i Vekst i Stordal.**

Sitwell AS er ei av verksemdene som får støtte frå næringsfondet i Stordal.

- I seinare tid har det opna seg svært interessante marknadsmoglegheiter for møbelverksemda Sitwell AS. Dei satsar offensivt på å utnytte desse moglegheitene. Vi ønskjer å bidra til at dei lukkast, både med utviklinga av verksemda og dei marknadsføringstiltaka dei no vil setje i gong. Dette gir grunnlag for seks nye arbeidsplassar i Stordal på kort sikt, og kanskje fleire på litt lengre sikt. Derfor har vi innvilga søknaden frå Sitwell AS med ei støtte på kr 183.000, seier Espeland.

## **Nye produkt**

Simek AS er ei anna Stordal-verksemd som har offensive vekstplaner.

- Simek AS har utvikla heilt nye og unike produkt som dei no går ut med i marknaden. Dette vil gi auka verdiskaping og fleire nye arbeidsplassar i verksemda. Vi har innvilga søknaden frå Simek AS med ei støtte på kr 150.000 slik at dei gjennom effektiv marknadsføring og sal kan få størst mogleg omsetnad på dei nye produkta, seier Espeland.

## **Nyetablering**

Også den nyetablerte verksemda Docvise AS får støtte.

- Dette er ein spanande og banebrytande nyetablering. Dei er så ferske at forretningsideen skal dei få halde på sjølv ei stund til. Det er alltid ein risiko ved å etablere noko nytt, men denne verksemda kan ha stort potensiale. Derfor er det viktig at forretningsplana er så god som råd. Docvise AS får derfor støtte på kr 150.000 til arbeidet med å utvikle grunnlaget for ei vellukka etablering, seier Espeland.

## **Nært samarbeid**

Han legg til at verksemdene ikkje berre vil få økonomisk støtte, men også vil bli oppmoda til å halde nær dialog med Vekst i Stordal om ideane og satsingane sine.

- Vi ønskjer å vere ein aktiv medspelar som kan gi råd og bistand i arbeidet fram mot vellukka satsingar. Vårt mål er å skape vekst og nye arbeidsplassar i Stordal. Verksemdene som no får støtte viser ei offensiv vilje til å satse. Derfor ønskjer vi eit nært samarbeid med dei, seier Espeland.